



# Innførsel av flyttegods

**TOLL  
CUSTOMS**

NB: Felt som er merka med \* må fyllast ut.

1. Personopplysningar		
* Fornamn, mellomnamn	* Etternamn	Norsk fødselsnummer eventuelt D-nr. / TRK nr.
* Adresse i Noreg	* Postnr.	* Poststad
E-postadresse		Telefonnummer
* Tidlegare adresse i utlandet		

2. Mengde flyttegods og sendemåte	
Du kan berre ha med flyttegods som du sjølv har eigd eller hatt og brukt i utlandet, og som du framleis skal bruke i Noreg. Andre varer enn dette må først opp under pkt. 3.	
* Tal på kolli flyttegods totalt	* Tal på kolli som blir tekne med ved innreise
* Tal på kolli som blir ettersende	Eventuelt kven / kva transportfirma fraktar resten av flyttegodset?
Den tollavgiftsfrie kvota må du ha med deg fysisk når du kjem til Noreg – alt av alkohol/tobaksvarer i ettersendt flyttelass må deklarerast for overgang til fri disponering	Når vil eventuelt resten av flyttegodset bli sendt?
* Beskriv flyttegodset (Til dømes slik: Øskje 1: Klede, Øskje 2: Kjøkenutstyr, Øskje: 3 Leiker, 1 sofa, 1 TV, osv. Bruk vedlegg ved behov)	

3. Tollavgiftspliktige varer	
* Har du med deg ubrukte/nye varer?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Viss ja, spesifiser (bruk vedlegg ved behov)	
* Har du med deg næringsmiddel?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Viss ja, spesifiser (Dersom du har med deg næringsmiddel / mat eller drikke frå område utanfor EU/EØS, må du oppgi kor varene kjem frå. Bruk vedlegg ved behov)	
* Har du med deg alkohol?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Viss ja, kva?	<input type="checkbox"/> Øl/rusbrus Tal på liter: <input type="text"/> <input type="checkbox"/> Vin Tal på liter: <input type="text"/> <input type="checkbox"/> Brennevin Tal på liter: <input type="text"/>
* Har du med deg tobaksvarer?	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Viss ja, kva?	<input type="checkbox"/> Sigarettar Stk.: <input type="text"/> <input type="checkbox"/> Snus Mengde i gram: <input type="text"/> <input type="checkbox"/> Andre tobaksvarer Mengde i gram: <input type="text"/>
* Har du med deg andre tollavgiftspliktige varer? (t.d. køyretøy, fly, yrkesutstyr)	<input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja
Viss ja, spesifiser (Bruk vedlegg ved behov)	

#### 4. Våpen og ammunisjon

\* Har du med deg våpen eller ammunisjon? Våpen er definert på side 3.  Nei  Ja

Viss ja, spesifiser

Våpen m.m. krev særleg innførselsløyve frå politiet. Har du det?  Nei  Ja

Viss nei, må du skaffe dette. Viss ja, må du leggje fram løyvet.

#### 5. Dyr

\* Har du med deg dyr?  Nei  Ja

Viss ja, spesifiser (Bruk vedlegg ved behov)

Viss ja, har du med deg nødvendig dokumentasjon? (Sjå rettleiing)  Nei  Ja

#### 6. Andre varer med restriksjonar

\* Har du med deg varer som krev særskilt løyve?  Nei  Ja  Usikker

Sjå forklaringa på side 3. Viss ja, må du leggje fram løyvet.

Viss usikker, spesifiser

#### 7. Vedlegg

\* Tal på vedlegg

\* Før opp namn/nummer på vedlegg

#### 8. Pakkinga

\* kryss av for eit av alternativa nedanfor

Eg har sjølv kontrollert pakkinga av flyttegodset.

Eg har ikkje sjølv gjennomført og kontrollert pakkinga av flyttegodset.  
Ver merksam på at du er ansvarleg for det som blir innført, også sjølv om det har blitt pakka av andre.

#### 9. Andre opplysningar

Her kan du fylle inn andre opplysningar du meiner er relevante for innførsel av flyttegodset (Bruk vedlegg ved behov)

#### 10. Erklæring

\* Eg har vore registrert som busett og opphalde meg i utlandet samanhengande i minst eitt år før flyttinga til Noreg.

\* Eg er kjend med regelverket som gjeld ved innførsel av flyttegods. (Sjå forklaring på side 3.)

\* Eg er kjend med at det er straffbart etter norsk lov å gi feil opplysningar eller å leggje fram urette dokument.

Stad

Dato

Underskrift

# Forklaringar til skjemaet

## 1. Personopplysningar

Legg inn fullt namn og adresse. Dersom du ikkje har norsk personnummer eller D-nummer, må du kontakte Tolletaten for å få eit TRK-nummer (Toll Registrert Kunde) – les meir på [www.toll.no/](http://www.toll.no/).

## 2. Mengde flyttegods og sendemåte

\* Tal på kolli flyttegods totalt: Kolli er definert som eit pakkeinnhald og ein emballasje. Det kan vere ein enkeltgjenstand, ei kasse, ein koffert, men også ein container.

\* Tal på kolli som blir tekne med ved innreise: Hugs å oppgi smykke, klokker, vesker og andre dyre gjenstandar du tek med deg som reisegods eller ber på kroppen ved innreise.

\* Beskriv alt flyttegodset og marker kva du tek med deg ved innreise, og kva som blir sendt med transportør: Legg ved ei liste over alle varene du har med deg. Spesifiser kapitalvarer og andre dyre gjenstandar som til dømes PC, TV, kjøleskap og liknande i flyttelasset. Andre ting kan du oppsummere under generelle kategoriar som t.d. bøker, hushaldningsartiklar, sengeklede og klede. Oppfør på lista om varene er brukte eller nye.

Ver merksam på at det du spesifiserer når du innfører flyttegods, også kan ha betydning i annan samanheng, t.d. dersom det skulle bli aktuelt med forsikringsoppgjær grunna skader på flyttegodset. Dersom det blir nytta transportfirma, ber vi om at du legg fram pakkelista du leverte til transportøren eller speditøren.

## 3. Tollavgiftspliktige varer

Oppgi eventuell tollavgiftspliktige varer du har med deg.

Du får ikkje avgiftsfritak for køyretøy, fly, yrkesutstyr, næringsmiddel, alkohol eller tobakksvarer. Det same gjeld nye varer. Dette er varer du må deklare for overgang til fri disponering på vanleg måte med betaling av meirverdiavgift, og eventuelt andre avgifter.

Unntak frå dette kan gjelde varer du tek med personleg som reisegods:

Reisandekvote for alkohol og tobakk. [Meir informasjon om kvota](#).

Nye varer til ein verdi av maks NOK 6000,-. [Meir informasjon om verdigrensa](#).

\* **Har du med deg næringsmiddel?** [Sjå meir informasjon om næringsmiddel](#).

Dersom du har med deg næringsmiddel frå utanfor EU/EØS, må du spesifisere land.

## 4. Våpen og ammunisjon

\* **Har du med deg våpen eller ammunisjon?** [Sjå definisjonen av våpen](#)

Viss du skal ha med deg våpen eller ammunisjon, må du leggje ved [løyve frå politiet](#).

NB: Peparspray, elektrosjokkvåpen og batangaknivar er døme på gjenstandar som blir rekna som våpen etter våpenlova (desse varene kan vere tillatne i utlandet, men er forbodne å innføre til Noreg).

## 5. Dyr

\* **Har du med deg dyr?**

Når du flyttar til Noreg frå utlandet, kan du ta med deg kjæledyret ditt utan å betale tollavgift og meirverdiavgift. Du må kontakte Mattilsynet for å sjekke eventuelle restriksjonar (t.d. krav til kjæledyrpass og vaksinar). [Les meir om import av dyr på Mattilsynet.no](#).

## 6. Andre varer med restriksjonar

\* **Har du med deg varer som krev særskilt løyve?**

Dersom du har med deg gjenstandar som er regulerte av anna lovverk for innførsel, må du opplyse om dette. Varer med restriksjonar kan m.a. vere: trua dyre- og planteartar (CITES), næringsmiddel (deriblant poteter), legemiddel/ urter, plantar, kulturminne og kunstsattar. [Sjå ei utfyllande liste over varer med restriksjonar](#).

Kontakt Tolletaten eller ansvarleg styresmakt for å undersøkje eventuelle tilleggskrav du må innfri eller løyve du må ha for å innføre vara.

## 9. Andre opplysningar

Dersom du har med deg valuta og andre betalingsmiddel til ein verdi av over NOK 25 000,-, må du oppgi dette til Tolletaten. [Les meir om valuta](#).

## 10. Erklæring

\* Skjemaet med erklæring må signerast av søkjar.